

Samarbeidsutvalet utan standpunkt

17.12.2012



Kva vert det til med Bringedalsbygda?

**Når det gjeld nedleggjing/omorganisering av Bringedalsbygda skule/krins  
har ikke Uskedalen noko standpunkt den eine eller andre vegen.  
Det melder Samarbeidsutvalet i sine merknadar om skulestrukturen.  
Men hvis kommunestyret vedtek å  
flytte elevane til Uskedalen, vil utvalet peika på følgjande:**

- \* Samanslåing med Bringedalsbygda må ikkje forsinka vedteken opprusting av Uskedalen Oppvekstsenter. Bygningsmasssen er no i ei så dårlig forfatning at ytterlegare utsettjing vil få veldig negative konsekvensar.
- \* Ei samanslåing fører til 2 fleire klassar med høgt elevtal. I tillegg har Herøysund aukande elevtal og Uskedalen potensiale for elevtalsauke med stort antall byggjeklare tomter. Er den føreslegne utvidinga på 250 kvadratmeter nok?
- \* Ca. 70 fleire elevar vil og føre til behov for meir grupperom, spesialrom og fagrom.
- \* Ei utviding av skulen må ikkje beslagleggja uteareal. Fløyen som skal rustast opp bør få ein etasje til pluss saltak eller eventuelt skråtak.
- \* Elevtalsauken vil føra til at utearealet får for få aktivitetar å tilby og investeringar må difor pårekna.
- \* Det må sikrast meir parkeringsareal sør for oppvekstsenteret i tråd med auka elevtal
- \* Det kan oppstå problem i samband med ovegang til ungdomsskulen når elevane frå Bringedalsbygda skal til Husnes og uskedelingane til Rosendal. Det kan oppstå sosiale problem der elevar som ein ynskjer å integrera i samme klasse vert splitta. Det er ugunstig å splitta opp klasser etter 7 år når dei er godt integrert. Dette kan fort gå ut over dei elevane som har få vener og treng dei.
- \* Å sende elevar til 2 ulike ungdomsskular skapar også ekstra arbeid med koordinering av overgangen og det må reknast ekstra kostnad til dette.

Merknadane er underteikna av Åse Nesi, Marie Elisabeth Kaldestad, Marianne Bjørnebøle, Linda Jensen Eide, Ann Kristin Viken og Johannes Hjønnnevåg.

Av Ola Matti Mathisen